

# **REGULERINGSFØRESEGNER FOR MYRSTØYL, GNR. 123, BNR. 1 I TOKKE**

## **Reguleringsføresegner. (tbl. § 26)**

### **Reguleringsføremål (tbl. §25)**

I planområdet er det regulert inn følgjande reguleringsføremål:

- §25.1. Byggjeområde.
- §25.2. Landbruksområde.
- §25.5. Fareområde.
- §25.6. Spesialområde.
- §25.7. Fellesområde.

#### **Fellesføresegner.**

- a) Det regulert området kan bare nyttast i samsvar med denne planen.
- b) Det skal ikke setjast opp gjerde, hekkar eller flaggstenger i området.
- c) Renovasjonsordning for området er den til ei kvar tid gjeldande offentlege ordning.
- d) Etter at planen er godkjent er det ikke lov å etablere private avtaler i strid med planen.
- e) Mynde til å gje unntak frå denne planen etter pbl. § 7 vert lagt til teknisk utval.

#### **Byggjeområde.**

##### **▪ Område for fritidshytter.**

- a) Dei regulerte byggjeområda skal nyttast til oppføring av fritidshytter.
- b) Tomtene kan delast frå eigedomen med oppmålt areal ikkje større enn 1 da.
- c) Hyttene skal harmonere med omgjevnadene både når det gjeld utforming materialval og farge.
- d) Takvinkelen bør vere mellom 22° og 30°, og som tekjemateriale bør nyttast torv papp eller tre. (Evt metallplater).
- e) Hyttene skal oppførast med ei monehøgd ikkje høgare 5,40 m over grunnmur/pilar, og ha eit areal(BRA) på maks. 120 m<sup>2</sup>. Grunnmur/pilar skal normalt ikkje vere høgare enn 0,80 m. I tillegg tilhovudhytta kan det førast opp eit uthus på maks 20 m<sup>2</sup>.
- f) Det er ikke lov å leggje inn vatn i hyttene.
- g) Det er ikke sett av punkt for felles brønn elle vasspost i planen sjølv om dette er ei aktuell løysing.
- h) Vassforsyninga er elles tenkt løyst ved at det vert grave brønn for kvar einskild hytte, evt. Ved å nytte bekk i området som vasskjelde.
- i) Der det vert aktuelt med fellesløysing, kan dette skje ved graving eller boring av felles brønn i planområdet, med evt. legging av leidningar fram til vasspostar.
- j) Det vert føresett at det vert dokumentert ved søknad om byggjeløyve korleis vassforsyninga skal sikrast.
- k) Avlaup kan førast ut i grunnen ved synkegrøft, evt, synkekum.

**Landbruksområde.**

- a) I dette området kan det drivast tradisjonelt skogbruk, men dette bør likevel gjerast på ein slik måte at området totalt sett ikkje vert vesentleg forringa som rekreasjonsområde.
- b) Det skal ikkje førast opp hytter i dette området.
- c) Det er tillete å grave straumkablar i dette området dersom det vert aktuelt.

**Fareområde.**

- **Område for høgspentline.**

**Spesialområde**

- **Vegar i området**

- a) Veg til Myrstøyl er privat og vert halde vedlike som det.
- b) I tillegg til nemnde veg kan det frå denne førast fram veg til dei ein skilde hytten etter avtale mellom grunneigar og tomtkjøpar (leigetakar).
- c) Eksisterande veg kan nyttast til tømmertransport dersom dette vert aktuelt.
- d) Planområdet går ikkje heilt ut til riksvegn, men det er regulert inn siktlinjer ved avkøyringa frå denne. Desse skal haldast frie for vegetasjon høgare enn 0,50 m for å få optimale sikttilhøve.

**Fellesområde.**

- **Område for felles parkeringsplassar.**

- a) Der det ikkje vert veg fram til kvar einskild hytte er det sett av felles parkeringsplassar dimensjonert for 2 bilar pr. hytte.
- b) Dersom den offentlege renovasjonsordninga vert endra slik at det vert aktuelt med felles avfallsbygg, så kan dette førast opp på den felles parkeringsplassen.

**Skafsstå, 03.10.2004.**